Volda kommune

Standardvilkår varekjøp

Vedlegg 2

Prisvilkår

Vindauge til Hamna 20, Volda kommune

Arkivreferanse: 26/1385

Innhald

1. Innleiing 3
2. Vederlag 3
3. Prisar 3
4. Justering av endeleg bestilling 3
5. Vilkår for fakturering 3
6. Prisendringar 3

1. Innleiing
Dette vedlegget inneheld alle prisar og nærare vilkår for det vederlaget Kunden skal betale for Leverandørens ytingar. Dette vedlegget er uttømmande. Det inneber at Leverandøren ikkje kan ta betalt for noko utover det som står i vedlegget.

2. Vederlag
Alle prisar er oppgitt i norske kroner, ekskl. mva., men inkludert toll og eventuelt andre utgifter.

Prisen skal inkludere all dokumentasjon som følgjer med kontraktsytinga, så som for eksempel bruksrettleiing, teknisk beskriving og liknande, samt eventuell dokumentasjon det er stilt krav om i Vedlegg 1.

3. Prisar
Leverandørens prisar følgjer av Vedlegg 2, Bilag 1 «*Prisskjema*».

4. Justering av endeleg bestilling
Kunden har rett til å korrigere antall vindauge og nøyaktig storleik oppgitt i Vedlegg 2, Bilag 1 «*Prisskjema*» før endeleg bestilling. Med dette meinast det at Kunden kan velje vekk både vindaugspostar, antall vindauge og justere storleiken for ein vindaugspost i endeleg bestilling.

Ved korreksjon skal Leverandøren sine einingsprisar slik dei er oppgitt i prisskjemaet vere gjeldande.

5. Vilkår for fakturering
Fakturering skal skje etterskotsvis.

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) kalenderdagar. Leverandørens fakturaer skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Kunden. Alle fakturaer skal som minimum innehalde følgjande informasjon:

- Organisasjonsnummer til Leverandør
- Spesifikasjon av moms
- Spesifikasjon av kostnadselement (kontraktsytingar) fakturaen inneheld

Faktura skal merkast med referansenummer (Volda kommune nyttar anten ansvarsnummer eller prosjektnummer som referansenummer). Kunden vil oppgi nummeret ved bestilling.

Faktura og eventuelle kreditnota skal leverast elektronisk slik at Kunden mottek dokument i samsvar med standarden «Elektronisk handelsformat» (EHF). Kundens adresse for mottak av elektronisk faktura er 939 760 946.

6. Prisendringar
Kontraktsprisen er fast, og skal ikkje vere gjenstand for nokon form for regulering.